

VELKOMMEN  
TIL  
OPPHALD PÅ  
VELFERDSSENTERET



## KONTAKTINFORMASJON

- Einingsleiar Anne Berge Brattetaule – alle vekedagar  
Tlf. 56 34 91 38 – Frå kl 07.00 – til 14.30
  
- Sjukeheimslege, Kari Færøy – kvar måndag og torsdag  
Tlf. 56 34 91 90– frå ca kr 09.00 – til 14.00  
Pårørandesamtale etter avtale.
  
- Hovudtelefon, alle dagar – heile døgeret  
Tlf. 56 34 91 90
  
- Rom nr: .....
  
- Primærkontakt: .....

## Generell informasjon

Velferdssenteret er definert som sjukeheim, og er heimla under Lov om kommunale helse - og omsorgstenester m.m. Helsetilsynet er tilsynsorgan.

## Historikk:

Velferdssenteret vart bygd 1993. Det vart bygd til 25 pasientar, der 21 av plassane var tiltenkt langtidsopphald og 4 plassar tiltenkt korttidsopphald. Bebuarane den gong, vart overført frå Radøy sjukeheim som då var ein fylkeskommunal sjukeheim, til Velferdssenteret som var kommunal sjukeheim.

I 2008 vart Velferdssenteret utvida med eit nybygg. Det vart bygd ny sjukeheimsavdeling med plass til 17 bebuarar.

I januar 2009 vart Hordabøheimen nedlagt som aldersheim. Alle bebuarane var overflytta til Velfredssenteret. Det er i dag plass til 42 bebuarar.

## Velferdssenteret slik det er i dag:

Avd. A = Dementavdeling med plass til 7 bebuarar

Avd. B = Dementavdeling med plass til 7 bebuarar

Desse to avdelingane er no knytt saman med ein vinterhage.

Avd. C = Pleieavdeling med plass til 11 bebuarar, der 4 av bebuarane har rom ved inngangsfløyen og kontora.

Avd. D = Pleieavdeling med plass til 17 bebuarar der 2 av romma er dobbeltrom. Fellesstova i denne avdelinga blir mykje brukt til aktivitetar.

Velferdssenteret disponerar to leiligheter i Omsorgsbustadane, nr 14 og 19.

Leilighetene er doble.

## **VÅRE VERDIAR**

Me ønskjer å skape gode dagar!

Våre grunnverdiar er :

- Verdighet, tryggleik og respekt.
- Tillit mellom bebruar/brukar, pårørande og personale.
- Positiv haldning og godt samarbeid.
- Profesjonalitet, ansvar og utvikling.

## **OVERORDNA MÅLSETTING**

Ved Velferdssenteret ønskjer me å leggje forholda best mogeleg til rette for å oppretthalda og fremja livskvalitet hos den einskilde.

Me vil bidra til å:

- Ta vare på den einskilde sine ressursar.
- Møte deira fysiske, psykiske, sosiale og åndelege behov.
- Oppretthalde den einskilde sin identitet.

## **ALLERGIER**

Pga av allergiar mot diverse blommar, ber me om at de les vedlagt brosjyre om «Planter og blomster i offentlige bygg». Plassert bak i permen.  
Ein bør vera særskild merksam på plantar og blommar ein bør unngå.

## DØGNRYTMEPLAN

- KL 07.00    Dagvakta kjem på vakt, morgonstell startar.
- KL 08.30    FRUKOST
- KL 09.00    Morgonstell, forset.
- KL 11.00    Aktiviteter alle dagar unnateke helg og høgtid. Sjå eige ark.
- KL 12.30    Middag
- KL 13.00    Middagskvil etter ønskje. Det er ønskjeleg at bebuaren får kvile middag i fred. Dei er då utkvilt til å ta imot BESØK frå sine kjære.
- KL 14 30.    Kveldskiftet kjem på vakt.
- KL 15.00    Kaffi med noko attåt.
- KL 18.00    KVELDS
- KL 19.00 – 22.00 Kveldsstell, hjelp til legging, nokon ønskjer å leggja seg tidleg, medan andre ønskjer å sitje oppe å sjå på TV.
- KL 22.00 – 07.00 Nattevaktene kjem, om behov er det mogeleg å kontakte dei på natt.

## TENESTER PÅ VELFERDSSENTERET

### Tenester med privat betaling

- **FOTPLEIAR** – kjem ca ein gong for månaden.
- **FRISØR** – kjem på oppfordring. Låner lokale på Velferdssenteret. Det er mogeleg å bestille time.
- **SENIORBUTIKK** – reisande butikk med klær, kjem vår og haust. Det vert sett oppslag god tid i forkant.
- **AVISER** – dersom du er interessert i å følgje med i aviser, kan du få omadressert di eiga avis til Velferdssentert.
- **TELEFON** – det er mogeleg å ha privat telefon på rommet. Du må sjølv koste flyttinga av din telefon.
- **TV** – kan nyttast på romma. Må vera kontrollert og godkjent av elektrikar før ein tek dette med til Velferdssenteret.  
For å nytte private TV må de/du kjøpe Norgespakken.
- **Merkelappar** – må tingast enten av pårørande eller personalet ved Velferdssenteret.

### Tenester utan ekstra betaling

- **PRIVAT TØY** – vert vaska på Velferdssenteret og må **merkast godt**.  
**Velferdssenteret er ikkje ansvarleg for umerka tøy.**  
Tøyet vert vaska i industrivaskemaskin.
- **FYSIOTERAPI** – er ei individuell teneste på Velferdssentert. Fysioterapeut vurderer saman med lege og pleiepersonell korleis ressursen skal fordelast.
- **TANNPLEIAR/TANNLEGE** - kjem to gongar i året. Ved behov kan dei koma oftare eller at bebuar må møte på kontoret til tannpleiar/tannlege. Dette tilbodet er gratis for dei som bur i sjukeheim.
- **ANDAKT** – anna kvar tysdag.
- **POST** – vert levert kvar dag, måndag – laurdag.

## KVA KAN PÅRØRANDE BIDRA MED?

- **MERKING AV BEBUAR SINE KLEDE** – helst før flytting til Velferdssenteret. Me kan vere behjelpelig med tinging av merkelappar.
- **INNKJØP AV TING SOM** – klær, sko, personlege artiklar, aviser, og ellers ting som bebuar har bruk for eller ønskjer, ser me helst at pårørende kjøper. Dersom dette ikkje lar seg gjere, ta kontakt med primærkontakt.
- **PRIMÆRKONTAKT** – vert oppnemnt til alle bebuarar. Pårørende kan ta kontakt med "sin" primærkontakt om det er noko ein lurar på.
- **VED INNFLYTTING** – kan du ha med deg personlege ting som bilder m.m: Møblar etter avtale med personale, dette avdi det er knapt med plass. Rommet må ikkje overmøblerast då div hjelpemidlar krev stor plass. Me vil unngå tepper og andre lause gjenstander som det kan snublast i.  
**Merk:** TV, og andre elektriske apparat som er meir enn 3 år gamle, må vera kontrollert og godkjent av elektrikar før ein tek dette med til Velferdssenteret.
- **DERSOM BEBUAR HAR DEMENS SJUKDOM**– er det viktig at me får gode opplysningar om den demente frå kvardagslivet og frå tidlegare tider. Det kan være opplysningar om familie, yrkje, sosial status, kva ho/han likte, interesser m.m. Ta gjerne med bilder som bebuar er glad i, ungdomsbilder, bilder av foreldre, born osv.
- **FEIRING AV BEBUARANE SINE FØDSELSDAGAR** – ved fødselsdagar vert det laga kaker til bebuarane på den avdelinga der vedkommande bur. Dersom bebuarane skal feire i lag med familien, har pårørende ansvar for å bestilla stad/plass/lokale for feiring og mat. Dugar, lys og serviettar må du/de halde sjølv. Velferdssenteret har ei lita stove på avdeling D med plass til maks 8-10 personar. Ta kontakt på dagtid for avtale om lån av stova.
- **STØRRE SELSKAP KAN IKKJE HALDAST PÅ VELFERDSSENTERET**- kantina vert leigt ut til dette føremålet. Ring Radøy Matsørvis 56 34 91 94.

## ØKONOMI

- **BETALING FOR OPPHALD PÅ VELFERDSSENTERET** – sjå Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester
- **DISPONERING AV BEBUAREN SIN ØKONOMI** – sjå lovdata om disponering av kontantytelser

### **VERGE** – jf Lov om vergemål for voksne § 20. *Vilkår for vergemål*

Den som har fylt 18 år, og som på grunn av sinnslidelse, herunder demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmisbruk, alvorlig spilleavhengighet eller alvorlig svekket helbred ikke er i stand til å ivareta sine interesser, kan settes under vergemål hvis det er behov for det.

- Slik oppnemning vert gjort av sjukeheimslegen.
- **SAMTYKKEERKLÆRING** – sjå eige skjema bak i permen.
- **VERDISAKER** – og store pengersummar må ikkje oppbevarast på romma. Dette er i alle høve på eige ansvar.



## HYGIENE:

- Velferdssenteret er ein stor institusjon med 42 bebuarar og mange tilsette. Det er mange besøkande som er innom institusjonen kvar dag.
- Mange av bebuarane har nedsett allmenntilstand og såleis lett for å verte alvorleg sjuke av vanlige, for andre ufarlige, infeksjonar. Særleg omgangssjuka kan få alvorlege konsekvensar. Har du vore sjuk ber vi om at du venter 48 timar etter at du har vorte frisk før du som pårørande kjem innom på besøk.
- I tilfelle der bebuar har vorte råka av smitte vil heilt eigne retningsliner trå i kraft. Dersom oppstått smitte, vert bebuaren isolert i forhold til retningsliner ved sjukdom. Dette for å hindre spredning av sjukdom.
- Skilt «Ver venleg å ta kontakt med personalet» vil henge på døra inn til bebuarrommet. Me ber om at dette vert respektert og at de venter til personalet har gått igjennom rutinar for smittehandtering i lag med dykk før de går inn på bebuarrommet.
- Ved besøk på smitta rom, er det svært viktig med god handhygiene. Følg råda frå dei tilsette.

## INFORMASJON OM KJØKKENET

Radøy MatSørvis er under kommunal leing med eiga sjølvstyrt eining med eigne tilsette.

**Opningstid:** Alle dagar frå kl. 07.00 – til 15.00.

Det er mogleg å få kjøpe middag der.

Her er det og moglegheit å kjøpe div til selskap, som heimelaga kaker, snittar, koldtbord m.m.

For kontakt ring tlf.nr 56 34 91 94

## INFORMASJON OM KANTINA

Radøy arbeidssenter driv kantina og er ein del av BF tenesta.

**Opningstid:** Måndag - fredag frå kl 09.00 – til 15.00.

Her er det og moglegheit for å kjøpe heimlaga kaker frå frys.

For kontakt ring tlf. nr 56 34 90 72

## OMSORG VED LIVETS SLUTT

- Me ønskjer at bebuar skal få best mogeleg omsorg ved livets slutt. Det er difor viktig med god kommunikasjon mellom deg/de som pårørande, personale og sjukeheimslegen.
- Dersom pårørande eller andre som står bebuaren nær ønskjer det, er du/de velkommen til å sitje/vere til stades med bebuaren enten det er dag eller natt. Dette er til det beste både for bebuar og pårørande. I dei høva det ikkje let seg gjere, vil sjølvsagt personale sitje med den døyande.

Det er dessverre ikkje eige overnattingsrom til pårørande på sjukeheimen.

- Den som står oppført som næraste pårørande kan få tilbod om "enkel" mat når du er tilstades på sjukeheimen. For andre er det høve til å kjøpe seg mat i kantina.
- Det er lov å vere sjukemeldt eit visst antall dagar i samband med dødsfall/døydande i nær familie. Ta kontakt med fastlege og arbeidsgjevar samt NAV i kommunen du/de høyrer til.

## PRAKTISKE OPPLYSNINGAR VED LIVETS SLUTT

- Ved dødsfall, kan pårørende vere med å stelle den døde om det er ønskeleg.
- Pårørende kan ta den tid ein treng å ta farvel med den døde.
- Pårørende kontaktar begravelsesbyrå etter eige ønskje.
- Radøy kommune har "stille rom" på Velferdssenteret. Rommet kan nyttast til minnestund.
- Pårørende får tilbod om ettersamtale ved dødsfall om det er ønskeleg.
- Rommet til avdøde må ryddast for personlege eigendelar ein av dei næraste dagane etter eit dødfall.
- Dersom det er ønskeleg at personalet skal rydde rommet for personlege eigendelar, kan dette gjerast etter avtale.